

# Klart språk i Norden

Titel: Sluttdiskusjon

Forfatter: Redaktionen

Kilde: Klart språk i Norden, 2005, s. 114-115

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/ksn/issue/archive>



© Netværket for sprognavnene i Norden

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Sluttdiskusjon

Det vart stilt tre hovudspørsmål:

*Har klarspråksarbeidet nok autoritet – og korleis skal slikt arbeid bli respektert og verdsett i samfunnet?* Her var desse synspunkta framme: Vi må argumentere godt og vise kva fordelar klarspråk har. Klårt og enkelt offentleg språk er viktig av demokratiske grunnar, slik at alle skal få den offentlege informasjonen dei treng. Vi må vise at det lønner seg å skrive klårt og enkelt, og at det kan kan lønne seg også reint økonomisk. Vi kan fortelje at mange andre har gjort det med godt resultat, og det er viktig å finne relevante eksempel. Ikkje minst er det viktig å ha støtte frå tunge aktørar. Det kan vere store bedrifter, språknemndene eller andre, men Språkrådet har ikkje den same autoriteten i alle grupper. Barbro Ehrenberg-Sundin sa at dei som vil oppnå resultat med klarspråksarbeidet, må ha tru på seg sjølv, og dei må kunne sakene sine.

*Har vi gode nok kunnskapar og verkty, presenterer vi det rette, og kva kan vi bli betre på?*

Vidar Lynghammar oppsummerte kva han hadde fått ut av konferansen. Dei språklege basiskunnskapane om tunge ord, komplisert setningsstruktur osv. kjenner vi. Han meinte dei modellane og verktya Henriksen og Norris presenterte, kunne ha noko for seg, og at det vidare kommunikasjonsperspektivet til NHO også var interessant. Elles passar idealet om stilistisk enkelheit ikkje like godt i alle tekster. Det er ein språkvitskapleg dominans på arbeidsfeltet som ikkje er berre heldig, det er nyttig å få tilskot frå andre fagområde og frå nyare retningar i språkvitskapen som tekstlingvistikk og diskursanalyse. I Noreg er det eit par ”språkkjendisar” med faste spalter i aviser og blad, og dei har vore dyktige formidlarar av språklege råd, særleg på ord- og setningsnivået. Vi kan ha noko å lære av dei òg.

*Er det språknemndene som bør drive klarspråksarbeid, eller bør det knytast meir til fagdepartement eller t.d. Statsministerkontoret?*

Aino Piehl sa at Forskningscentralen i Finland kan nyte stor respekt, og at dei har god erfaring med kursverksemd. Det ville likevel vere lettare å drive systematisk språkarbeid om ein var ein del av det organiserte språkfellesskapet.

Frå Noreg vart det sagt at det ikkje er lett å få gjennomslag for språkleg innsats i statsorgana, særleg er det problematisk å få dei til auke bruken av nynorsk. Det er vanskeleg å rekruttere dei som påverkar språket mest. Det er gjerne dei som har minst behov for kurs, som melder

seg på. Det trengst politisk gjennomslag for at det skal vere ein språkmedarbeider i kvar statsinstitusjon som går gjennom tekster. Norsk språkråd må vere med, og det må komme direktiv ovanfrå.

Birgitta Lindgren var ikkje i tvil om at myndigheitsspråk, især lovspråk, er eit område språknemndene må drive med. Og arbeid med klårt språk bør vere noko offentlege organ skal rapportere om, på linje med likestillingsarbeid, jf. forslag i *Mål i mun*.

*Sylfest Lomheim* frå Norsk språkråd oppsummerte til slutt at klarspråksarbeidet må ha autoritet og vere forankra i den politiske leiinga. Samarbeid gjennom nettverk må til, og det kan vere effektivt for å overvinne manglande endringsvilje. Konferansen gav nye innfallsvinklar i det konkrete språkarbeidet med tekster: Vi kan få nye verkty for å måle språkleg kvalitet. Det ligg utfordringar i tre s-ar: ein *saus* av fagord, moteord – ordtåke; vi må stille inn på den rette *språktonen*, og vi må tenkje *struktur* i tekst og informasjon. Når det gjeld handlingar, har vi Sverige som det gode førebiletet – dei viser vegen å gå. Det er opplagt at Norsk språkråd skal ha ei stor rolle å spele når det gjeld klarspråksarbeid i Noreg. Konferansen er viktig for det strategiarbeidet som skal gå føre seg for ein ny norsk språkpolitikk i nærmaste framtid.